



ÅRSMELDING 2016

KOMMUNESTYRET



Iselin Jonassen
(AP) ordførar



Egil Barhaugen
(AP)



Sverre Braaten
(AP)



Frode Sandum
(AP)



Anne Grethe Furuheim
(AP)



Ingrid Turtum
(AP)



Tor-Ivar Furuset
(AP)



Mette Vårdal
(SP)



Turid Grimsbø Snerle
(SP)



Ole Jacob Holen
(SP)



Ove Turtum
(SP)



Steinar Ola Häkenstad
(SP)



Ørjan Venås
(SP)



Svein Blankenborg
(BL) varaordførar



Steinar Aasgaard
(BL)




Harald Sve Bjørndal
(BL)



Anne Sjetne
(SV)

ORGANISASJONSKART



På tur inn i sitt 110 år, og fortsatt like gode!

2016 har vore eit aktivt, spennande og krevjande år. I årsmeldinga kan du gjennom tal, ord og bileter bli betre kjent med verksemda i Vågå kommune.

Ordføraren ser mykje å glede seg over, kommunen leverar gode resultat, og er ein veldrivne organisasjon.

Dette syner seg også på kommunebarometeret som årleg gjev rangeringar av kor godt kommunane i Norge leverar tenester til sine innbyggjarar. Vi var rangert på 223 plass i 2015, og for 2016 kan vi gle oss over at vi er rangert på plass 114.

Ordføraren vil saman med kommunestyre fortsetja arbeidet med gjera Vågå kommune enda betre i stand til å levere tenester til våre innbyggjarar. Vi ser og at på enkelte område har vi betringspotensiale.

Vi er heldige for Vågå er ei kommune med mange moglegheiter, det er din, min og vår jobb å utvikle kommunen vår på ein best mogleg måte.

Det store reformåret, eit samfunn i endring. Kommune-Norge har stått overfor omfattande reformarbeid dette året. Det som er klart at når ein ser totalen av alle reformer som er gjennomført eller sett i gang, går sentralisering att som ein raud tråd. Det vart lagt ned mykje arbeid med kommunereforma. Eit samrøystes kommunestyre gjorde eit vedtak i tråd med folkerøystinga, og stemde nei til samanslåing med Sel kommune.

Eg vil rette ein stor takk til Sel kommune og kommunane i Nord-Gudbrandsdalen for samarbeidet vi hadde i kommunereformarbeidet.

Eit samfunn til å bli stolt av. Eg har dette året fått besøkt forskjellige avdelingar i Vågå kommune, der gode og viktige tenester blir levert innbyggjarane kvar dag.

Som mange andre vagværer og tilreisande til Vågå, har eg fått vore med på mange av dei flotte arrangementet som frivilligheita står i bresjen for. Det blir lagt ned ei formidabel innsats til glede for oss alle. Innan privatsektor er det gledeleg å sjå at det er vilje til å satse på å etablere seg og ikkje minst vidareutvikle seg i Vågå.

Investering i milliardklassa, hausten 2016 gjekk startskotet for utbygging av Nedre Otta. Dette er Norges største vasskraftutbygging pr. dags dato. Dette er ei investering på 1.210 millionar, det skapar sysselsetting og vekst som heile regionene kan gle seg over.

Medarbeidarar, frivillige, næringsdrivande i Vågå. Eg vil takke for at døkk kvar dag er med å skapar eit mangfold av aktivitetar i Vågå, til det beste for ei framtdsretta utvikling av Vågå kommune.



Eg vil til slutt takke rådmannen og hans stab for eit godt samarbeid i 2016.

Iselin Jonassen
Ordførar Vågå kommune

Innleiing frå Rådmannen

Vågå kommune utarbeider kvart budsjettår ei årsmelding for kommunen si drift. Tankane med ei årsmelding er at ho skal syne mål som er nådd og kva slags tenester som er gjeve gjennom året.

Året 2016 har vore eit berikande år med mange spanande arbeidsoppgåver for administrasjonen. Den nye overordna organiseringa av kommunen har begynt å sette seg og vi kan byrje og hauste av erfaringane som vi har gjort. Rådmannen meiner at ein meir heilskapleg tanke gjennomgående i heile organisasjonen har vorte betre, og at det no i mykje større grad er vi i organisasjonen vår- og ikkje min.

Arbeidet med kommunereform kulminerte med folkerøysting mai 2016. Både innbyggjarane i Vågå og Sel sa nei til ei samanslåing. Bæ kommune følgde opp med eit kommunestyrevedtak som vedtok det same. Kommunereformarbeidet tok mykje tid og ressursar frå administrasjonen og rapportane som vart utarbeidd syner at vi er sårbare på mange områder. Rådmannen meiner at vi framover må sjå på samarbeids løysingar i regionen som gjer oss mindre sårbare.

Arbeid med kommuneplan har vore debattert med stort engasjement både frå politikarar og innbyggjarar og er eit døme på at gode demokratiske prosesser kan løye ut høg temperatur. Rådmannen har fått skryt frå sentrale myndigheter for at prosessen i arbeidet med kommuneplan har vore god.

Helse- og omsorgsprosjektet har vore tverfagleg arbeidd med gjennom heile 2016. Både stylingsgruppa og prosjektgruppa har arbeidd systematisk og skisseprosjektet var på det nærmeste ferdig innan utgangen av året. Ei retningsendring innan helse- og omsorgstenestene er naudsynt etter rådmannen si vurdering, for å sikre ei berekraftig utvikling og for å gje kvalitet til innbyggjarane i åra som kjem. Vi må i større grad drive helsefremmande og førebyggjande tiltak, der den enkelte innbyggjar i større grad må ta ansvar for eiga helse og alderdom.

Rådmannen er fornøgd med nøkkeltal og årsresultat for kommunen i 2016. Det positive årsresultat for 2016 skuldast auka attendeføring frå KLP, auke i skatteintektar og høgare tilskot til ressurskrevjande brukarar. I tillegg viste tenesteområda god budsjettdisiplin. Om ikkje kommunen har fått meir inntekter enn det som var budsjettert, ville vi gått om lag i balanse.

Dei tilsette har og i år gjort eit framifrå arbeid. Dei har synt lojalitet i omstillingsarbeid og gjeve rådmannen konstruktive attendemeldingar på arbeidet som har vorte gjennomført i organisasjonen. Rådmannen vil nytte høve til å takke tilsette, dei tillitsvalde og verneombod i alle ledd for eit godt samarbeid i 2016.

Rådmannen har som overordna målsetting og gje innbyggjarane i Vågå eit best mogleg tenestetilbod innanfor dei ramane ein har til rådighet. Slik rådmannen vurderer situasjonen i dag leverer Vågå kommune eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar.

Rådmannen ønskjer å takke kommunestyre og andre politiske utval for eit godt og konstruktivt arbeidsår i 2016.

Vågå 9. april 2017

Jan Egil Fossmo
Konstituert rådmann

Politisk styring

Omfattar det sentrale politiske apparatet med kommunestyret, formannskap, hovudutval m.fl.

Administrasjon og leiing

Den administrative leiinga består av rådmann, 2 kommunalsjefar og 12 tenesteleiarar. Ein av kommunalsjefane har kombinasjonsstilling kommunalsjef/tenesteleiar.

Medarbeidarar

Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen.

Kommunen samla	2014	2015	2016
Tilsette faste, vikariat, lærlingar – ikkje timelønte, 31.12	392	392	393
Endring i årsverk, pr 31.12	307,65	311,46	311
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	78,4	79,4	79,3

Administrative stillingar (kostra 120 og 290)	2014	2015	2016
Tilsette	27	26	25
Årsverk*	16,57	16,95	18,16

*) Auke i årsverk i 2016 skuldast omlegging av lønsføring, meir har blitt belasta kostrafunksjon 120 enn tidlegare.

Likestilling/Likeløn

Av 393 tilsette er det 320 kvinnene. Kommunen har eit ønske om å få inn fleire menn i omsorgsyrke enn i dag. Det blir rekruttert mannlege ferievikarar innan helse og omsorg.

Det har så langt ikkje lukkast få fleire menn inni barnehagen.

I toppliargruppe er det 3 menn ved utgangen av 2016. På tenesteleiarnivå er det 7 kvinner og 5 menn.

Tabellen viser fordeling kvinner med på ulike tenesteområde.

2016	Totalt	Kvinner	Menn
I alt	393	320	73
Rådmannsnivå	8	3	5
Fellestenester	10	7	3
Skule/barnehage	121	102	19
Kultur og næring	18	8	10
Vågåheimen/heimebasert	157	150	7
Helsenester	19	18	1
Landbruk	8	2	6
Teknisk	50	27	23
Skatt/arbeidsgjevarkontroll/NAV	7	6	1

*) 5 tilsette har delt stilling mellom ulike område

2015	Totalt	Kvinner	Menn
I alt	392	322	70
Rådmannsnivå	5	2	3
Fellestenester	10	7	3
Skule/barnehage	123	105	18
Kultur og næring	19	9	10
Vågåheimen/heimebasert	154	148	6
Helsenester	19	18	1
Landbruk	7	1	6
Teknisk	50	27	23
Skatt/arbeidsgjevarkontroll/NAV	7	6	1

*) 2 tilsette har delt stilling mellom ulike område

Løn for tilsette i kap. 4 blir fastsett i samsvar med gjeldande tariffavtalar som kombinasjon av sentrale og lokale oppgjer. Dette gjer at både kvinner og menn i stor grad får lik løn for likt arbeid. Forskjellar har som oftast samanheng med ulik ansiennitet. Lønsoppgjaret i 2016 sentralt og lokalt har ført til redusert lønsforskjell mellom kvinner og menn.

Lønsutvikling	2015		2016		2016	
	Kvinner	Menn	Diff i menns favør	Kvinner	Menn	
Samla i organisasjonen	420	476	13,3%	430	480	11,6%
Kap. 3 og 5						
Adm leiargruppe inkl tenesteleiarar	594	672	13,1%	621	688	10,7%
Kap 5.2 + avd.leiarar	479	511	6,7%	517	524	1,4%
Kap 4						
Ufaglærte	363	379	4,4%	371	331	-2,7%
Faglærte	384	394	2,6%	395	397	0,5%
Høgskule	429	438	2,1%	442	450	1,8%
Høgskule med tillegg/master	482	0		493	0	
Lærar	451	0		483	0	
Adjunkt	475	453	-4,8%	477	464	-2,7%
Adjunkt med tillegg	516	500	-3,2%	525	501	-4,5%
Lektor	511	506	-1%	526	506	-3,8%

Heiltidskultur

Tal for 2016 viser at den gj.snittlege stillingsprosenten har endra seg frå 79,4% til 79,3%. Det er pr. 31.12.16 - 247 personar i deltidsstillingar, og av dette er 208 fast tilsette (216 i 2015)

Aldersfordeling i Vågå kommune

Om lag 49,8% (48% i 2015) er i aldersgruppa 50 år+. Rekruttering av personell til kommunen generelt vil bli ei utfordring i åra som kjem. Spesielt innan omsorgssyrkene. Ved inngangen til 2017 er 62 tilsette innan helse og omsorg 55 år+ av desse er 29 personar 60 år+. Tilsvarande tal for barnehage/skule er 36 personar, av desse er 25 personar 60 år+.

Kommunen samla	Tal på tilsette
<20 år	1
20-29	22
30-39	69
40-49	105
50-59	122
60-64	56
65+	18

Seniorane

Kommunen har AFP-ordninga med 100% sjølvrisiko, noko som betyr at kostnaden med alle AFP-uttak mellom 62- 64 år i sin heilskap blir belasta kommunen. Ved inngangen til 2017 har kommunen 7 tilsette/tidlegare tilsette som tek ut delvis eller heil AFP.

Lærlingar

Kommunen gjev tilbod om læringsplassar og har ved utgangen av 2016 fem lærlingar. I løpet av 2016 var det ein lærling som valde å avslutte læretida hjå oss. Ein som fekk plass hausten 2016 valde å seie får seg plassen utan at det ny vart teken inn.

Det vart hausten 2016 inngått samarbeidsavtale med Lærlingkontoret Gudbrandsdalen om oppfølging og administrering av lærekontraktar.

Lærlingane er fordelt slik:


Område	Antall	Plassering
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	3	Skule/barnehage
Helsearbeidarfaget	1	Helse og omsorg
IKT	1	Ungdomsskulen

Sjukefråvær/nærvårsarbeid

Vågå kommune arbeider aktivt for å halde sjukefråværet på eit lågt nivå gjennom å vere ei «langtidsfrisk» kommune som har fokus på helse og nærvær framfor sjukdom og sjukefråvær. Det er innarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukemelde arbeidstakrar og tilrettelegging for at restarbeidsevne kan nyttast. Jamlege statistikk viser utvikling/endring på den enkelte tenestestad. I 2016 oppretta Vågå kommune ei nærvårsgruppe som mellom anna har ei målsetting om å betre samarbeid og dialog med legane i oppfølging av sjukemelde.

Lege- og eigenmeld sjukefråvær i 2016 var på totalt 6,0%, noko som var ein gledeleg nedgang samanlikna med 2015 som viste 7,0%. Eigenmeld fråvær utgjer mellom 0,7%-1,1% av det totale fråværet. Vi vil framleis arbeide for å nå målsettinga om eit totalt fråvær på 5,8%. Dei store einingane innan helse og omsorg ligg på rundt 9%, ei auke frå 2015 som viste 7,9%.

Samanlikna med tidlegare år (2007-2016) for lege- og eigenmeld fråvær:



Etiske retningsliner

For å ivareta etiske standardar på alle nivå i organisasjonen, vedtok kommunestyret 21.10.2008 etiske retningslinjer for Vågå kommune. Retningslinjene er meint å vere eit hjelpemiddel for tilsette og folkevalde på etiske problemstillingar som vi kan stå overfor i vår forvaltning. Retningslinjene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samtidig skape refleksjon hos den enkelte. Rådmannen ser at dagens etiske retningsliner må oppdaterast og tilpassast i større grad dagens og framtida sit behov.

Internkontroll

Vågå kommune arbeider kontinuerlig med kvalitetarbeid og internkontroll. Vi nyttar verktøyet Compilo (kvalitets- og avvikssystem) i arbeidet. Målet er å få på plass manglande dokumentasjon av rutinar og prosedyrar samt få tilsette til å melde frå om uønskte hendingar. Helse og omsorg, samt brannvesenet har lagt inn mykje dokumentasjon i systemet, men mykje arbeid står att på dei andre einingane.

I 2016 var det meldt inn totalt 170 avvik og av desse var 22 kategorisert som «HMS-avvik», 24 som «organisasjon/internt» og 137 som «teneste/brukar». I 2015 var det meldt inn 213 avvik (139 i 2014), av desse var 21 kategorisert som «HMS-avvik». Med nokre få unnatak så er alle avvik melde innan helse og omsorg.

Tillitsvalde

Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjoner er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. Det er ein god og ope dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde (HTV-gruppa). Kvar månad møtast leiinga, HTV-gruppa og hovudverneombod til uformelle møte. HTV-gruppa og hovudverneombod blir rådført og inkludert i alle prosessar og avgjerder som betyr noko for dei tilsette. Hovudverneombod er kjøpt fri 20% og har i tillegg faste uformelle møte med rådmannen.



Område omfattar tenestene Fellestenester, Stab og støtte, Kultur, Vågåheimen. Politiske styringsorgan blir og ført her.

Område	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Økonomi - som vedteke i skjema 1B	69.201.000	69.232.213	0,04%

Fellestenester

Område for fellestenester er sett saman av område Servicetorg og arkiv, IKT, informasjon samt økonomi, lønn og personal. Alle ansette i fellestenester har arbeidsstad på kommunehuset, og bistår alle andre tenesteområdar.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	3,1%
Sjukefråvær	3,0%	2,8%

Den administrative omorganiseringa i 2015 førte til reduserte personalressursar i servicetorg og økonomi/personalavdelinga. Arbeidspresset er stort og fleire oppgåver blir liggjande på vent og delvis u gjorte. Fleire av sentrale arbeidsoppgåvene t.d. løn, rekneskap, fakturering er særskilt sårbar for sjukefråvær. Det same gjeld for fleire av dei andre oppgåvene Fellestenester utfører. Rådmannen vil presisere at sårbarheits faktoren er gjennomgående i heile administrasjonen.

Servicetorg/arkiv

Servicetorget har ansvar for sentralbord- og resepsjonsteneste, politisk sekretariat, postteneste og sentralarkiv, fakturabehandling, skuleskyss, bustønad og startlån, formidling av landbruksvikarane, løyve til sal/skjening av alkohol og serveringsløyve.

Servicetorget har gjennom 2016 hatt ein person i arbeid etter avtale med NAV.

Hendingar i 2016

Kommunereformarbeid og lokal folkerøysting knytt til dette.

Utfordringar

Arbeid med arkivet og arkivplan er ei prioritert oppgåve.

Økonomi og personal

Avdelinga skal yte tenester for dei øvrige delane av kommuneorganisasjonen gjennom rekneskapsoppfølging, systemansvar for Visma Enterprise, personal- og lønsarbeid.

Utfordringar

Stort press på daglege gjeremåla førte til mindre grad av overordna personalarbeid. Det er også dårleg med tid til å utvikle bruken av dei ulike delane av Visma Enterprise, og det må dagleg gjerast harde, men nødvendige prioriteringar, for å halde servicetilbodet til innbyggjarane våre oppe.

IKT

Kommunen har felles serverpark gjennom Regiondata samarbeidet. IKT medarbeidar har ansvar for innkjøp, oppdatering og vedlikehald av maskinpark, nye og gamle programvarer m.m., og inngår i IKT-vaktrutinane i nord-dalen. Vågå kommune har ei inndeling med medarbeidarar knytt opp mot skular og barnehagar og medarbeidarar for resten av kommunen.

Drifta har vore stabil med lite nedetid eller andre driftsproblem. Stabilitet er ein suksessfaktor. I 2016 har vi gjennom å nytte IKT som verktyg hatt fokus på gevinstrealisering gjennom mellom anna gjennom å søke å bruke aktiv Skype som kommunikasjonsform. Her har vi framleis eit forbetringspotensiale.

Skulane har ein til ein PC for elevar og lærarar og det er/og har vore avsett kr 500.000 kvart år for å halde oppe infrastruktur og til kjøp av utstyr. I 2016 har vi byrja ei evaluering av denne ordninga etter bestilling frå kommunestyret.

Hendingar i 2016

- Nye skjermar og kanonar er montert på kommunestyresal, formannskapssal og møterom
- I skule- og barnehage fekk 5. og 8. årstrinn nye pc'ar
- Arbeid med evaluering av prosjektet IKT i skulen

Utfordringar

- 1. årstrinn nyttar aldrande Classmate-PC-ar
- Lærarar har eldre berbare maskiner og utskifting er planlagt
- Måling av effekt av satsinga i skular og barnehagar

Informasjon

Informasjonsarbeidet omfattar både ekstern og intern kommunikasjon. Tenesta har m.a. ansvaret for utvikling av heimeside, intranett, sosiale medium, trykksaker og anna informasjonsmateriell.

Hendingar i 2016

Vågå kommune starta hausten 2016 ein prosess med oppgradering og installasjon av ny versjon av kommunal heimeside. Prosessen blir køyrd parallelt i kommunane Vågå, Dovre, Lesja og Skjåk. Lansering av dei nye sidene blir i 2017.

Utfordringar

Det blir arbeidd for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Stab/støtte

Etter omorganiseringa i 2015 vart nokre område lagt som støttefunksjonar direkte under rådmannen. Desse er tildelingskontoret, næringskoordinator og økonomisjef.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	8%

Tildelingskontor

Tildelingskontoret si hovedoppgåve er å behandle saker om helse- og omsorgstenester i Vågå kommune. I 2016 har det vore ei målsetting om at tildelingskontoret skal fristillast frå anna drift. Dette for å gje ei uhilda vurdering om behov til innbyggjarane i kommunen. Det har vore stor trykk på denne tenesta i 2016. Tildelingskontoret kartlegg brukar sitt behov, fattar enkeltvedtak og behandlar eventuell klage på vedtak. Tildelingskontoret behandla om lag 820 saker i 2016. Dette er ei auke i antall saker frå 2015.

Kommunen har fått fleire og meir komplekse oppgåver som følgje av Samhandlingsreformen. Tildelingskontoret har ansvar for utskrivningsklare pasientar og har daglig kommunikasjon med sjukhuset og regionalt LMS Nord Gudbrandsdal distriktsmedisinske senter

Hendingar i 2016

Arbeid med revisjon av Kvalitetsstandard for tildeling av helse- og omsorgstenester vart påbegynt seit i 2016 og ferdigstilla våren 2017.

Utfordringar

Det var stort press på korttidssplassar, noko som gjer at vi i periodar må leige plassar i andre kommunar.

Kultur

Hovudformålet med tenesta er å tilby innbyggjarane og andre eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod, med vektlegging på oppleving og trivsel, i regi av kommunen, statsinstitusjonar og lokale lag og organisasjonar. Avdeling omfattar tenestene kulturkontor, kulturskule, folkehelse, ungdomskonsulenten, flyktingtenesta, biblioteket og frivilligentralen.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	-27,9%

Kulturkontor

Kontoret skal gje innbyggjarane og andre eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritids-tilbod og arbeide med kulturbasert næringsutvikling.

Hendingar i 2016

Vågåtreffen, Folkemusikk treffen, Freeride, Grendafestival i Skogbygda og Skårvangen, Hot-Pot, Landskappleiken, Traktorrock, Fjellfilmfestivalen, Marknad i Randsverk, Blåhø Opp, Lalmesdagen, Jotunheimen Fjellfestival, Reinsfestivalen og Besseggenløpet.

Utfordringar

- Stadig meir utfordrande å legge til rette for eit breitt konserttilbod
- Nedslitt symjehall

Bibliotek

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

Gje eit rikhaldig utval av bøker, tidsskrift og andre media.

Hendingar i 2016

- Fleire utbetringstiltak inkl. etablering av eiga studieavdeling.
- Lesestundar for barn og eldre, opne kveldar med bokpresentasjonar, samarbeid med Vakseenopplæringa, forfattarbesøk med boklanseringar.

Flyktingtenesta

Tenesta busette 21 personar i løpet av 2016, 15 etter avtale med IMDI og i tillegg kom 6 personar på familiegjenforeining. Med dette har vi busett 67 personar i inneverande periode for det politiske busettingsvedtaket fra 2013 til og med 2016.

Busetting / relativt lite sekundærflytting er med å opprettheld folketalet. Gruppa «innvandrarar og busette flyktningar» kjem frå 31 ulike land og utgjer 4,6% av befolkninga i Vågå kommune.

	2013	2014	2015	2016
Busette i året	17	11	17	21

Flyktingkontoret, idretten og kulturskulen arbeider for å gje barn unge 8 – 18 år minimum eit tilbod om organisert aktivitet på fritida. Oppfølging av Bulyst arbeidet tverrfagleg i heile kommunen.

Hendingar i 2016

- Teaterprosjektet Hot-Pot
- Flyktning som ressurs

Utfordringar

- Utfordring med å gjera introduksjonsprogrammet heilårlig og fulltids. Fortsatt ein veg å gå, m.a. for å koma opp i 37,5 timars veke på alle i programmet
- Nok tilgjengelege bustadar
- Kompetansebygging og tverrfagleg tenking

Folkehelse

Folkehelsekoordinator er leiar av folkehelsegruppa i Vågå kommune, der alle sektorar og Frivilligentralen er representert.

Fokusområder/hovedarbeidsoppgaver

Fysisk aktivitet for vaksenopplæringa, brukarar innan psykisk helse, funksjonshemma, ungdom og seniorar. Trygt lokalsamfunn og skadeførebygging generelt. Rettleiling innan kosthald og trening.

Hendingar i 2016

- Drift og vedlikehald av 13 turkasser rundt om i Vågå kommune
- Aktiv sommarferie

Frivilligentralen

Frivilligentralen skal være ein møteplass for alle, uansett livssyn, kjønn, alder og etnisitet. Sentralens inten-sjon er å være eit supplement til det offentlege hjel-peapparatet.

I 2016 har 100 personar lagt ned over 6000 timer i fri-villig arbeid

Hendingar i 2016

- Datarettleiling med IKT-elevar frå Nord-Gudbrandsdal vdg. skule
- Solfest
- DKSS (Den kulturelle spaserstokken) - tur til Bessheim
- Markering av 10-års jubileum sidan innflytting i Moavegen
- 5000 timer på Ting og tøy
- Kjørt ut 5527 middagar og 128 bytter med strøsand

Utfordringar

- Oppretthalde eksisterande tiltak.
- Rekruttere nye frivillige ved behov.



Kulturskulen

Hovudfokusområda våre er å levere god kunstfagleg og pedagogisk undervisning til elevane våre. I 2016 hadde Vågå kulturskule rundt 150 elevplassar. Vi har undervisning i musikk, dans og teater samt karusell. I tillegg har det vore fokus på å bygge opp skulekorpsset.

Hendingar i 2016

- Fleire store framsyningar
- Landsfestivalen UKM i Trondheim
- Deltaking på landskappleik og landsfestival, samt Vågåtreffen og folkemusikk treff

Utfordringar

- Ny rammeplan for kulturskulane i Noreg
- Lokalisering

Ungdomskonsulent

Hovudmålet er å drive helsefremjande, haldningsskapande og målretta arbeid, og å arbeide for at ungdom blir tatt på alvor og sett på som ein ressurs.

Hendingar i 2016

Vågå kommune vart MOT-kommune i 2016.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa gjeld for flyktningar, arbeidsinnvandrarar og familiegjenforeinte med behov for opplæring i norsk med samfunnuskunnskap, og for vaksne som ikkje har godkjent grunn-skuleutdanning. Dei fleste av elevane følgjer det toårige introduksjonsprogrammet som busette flyktningar må gjennomføre for permanent buseetting i Noreg.

Hendingar i 2016

I 2016 hadde vi språkpraksisplassar i fleire private og offentlege verksemder i Vågå.

For å variere skuledagen, har vi fast treningstime på treningssenteret, og vi har symjing, dialekttime med Mållaget Ivar Kleiven og bibliotektime.



Vågåheimen

Vågåheimen har 38 pasientrom, av dette er det 6 dobbeltrom. Korttidsavdelinga i underetasjen har 5 pasientrom. Denne blir drifta av heimsjukepleia. Vågåheimen har i hovudsak bebuarar på langtidsopp hold, men har også pasienter på korttids- og avlastningsopp hold. Det er ei målsetting om å avvikle dobbeltrom innan 2018.

Vågåheimen er den største enkeltarbeidsplassen i Vågå kommune, med om lag 80 tilsette. I tillegg driftar kjøkkenet på Vågåheimen kulturkafeen og kantina på kommunehuset. Vågåheimen driftar også eige vaskeri.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	-0,3%
Sjukefråvær	7%	9,8%

Hendingar i 2016

Måltidsendringer og ernæring

Allereie i 2015 starta Vågåheimen med eit ekstra måltid ved høgst dag og seinare middag på demensavdelinga. Den gode erfaringa vi gjorde da, ført til at vi innførte det på alle avdelingar frå oktober 2016. Fokus på trivsel og ernæring førte til at Vågåheimen endra matvanane. Det er innført lunsj med varmt måltid og middag og kveldsmat blir servert seinare på dagen. Dette gjev meir regelmessige og næringsrike måltid.

Fylkesmannen i Oppland gjennomførte i august 2016 tilsyn ved Vågåheimen. Tilsynet undersøkte om verksemda fulgte lovakrava på tre område:

- Sikrar Vågå kommune at motstand mot helsehjelp blir identifisert og at pasienten sin samtykkekompetanse blir vurdert?
- Sikrar Vågå kommune at tillitsskapande tiltak blir prøvd før tvungen helsehjelp blir gjennomført?
- Sikrar Vågå kommune at helsepersonell gjer helsefaglege vurderingar av om den aktuelle helsehjelpana kan gjennomførast med tvang?

Det vart funne eitt avvik under tilsynet: «Vågå kommune sikrer ikke systematisk opplæring og veiledning til alle ansatte knyttet til tvungen helsehjelp.»

Avviket omhandlar at nye rutiner ikkje er godt nok implementert hjå dei tilsette. Vågåheimen har skrivi ein plan som skal sikre at dei tilsette får tilstrekkeleg kunnskap om kvalitetsarbeidet.

Vågå kommune anser at avviket er lukka i tråd med det fylkesmannen ber om. Arbeidet er ein kontinuerlig prosess.

Utfordringar

- Helse og omsorgsprosjektet
- Skifte av turnussystem
- Vågåheimen har dobbeltrom



Området omfattar tenestene helsetenester, heimetenester, barnehage og skule

Område	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Økonomi - som vedteke i skjema 1B	118.808.000	113.677.391	-4,3%

Helsetenester

Vågå helsetenester tilbyr eit heilskapleg helsetilbod til alle kommunens innbyggjarar. I eit tverrfagleg miljø, blir det ytt oppdatert, kunnskapsbasert helsehjelp lokalt og i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Det blir fremma bevisstgjering og kunnskap om helse hjå individ og i lokalsamfunn, med respekt og omsorg for enkeltmenneske.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	-2,5%
Sjukefråvær	7%	4,2%

Legetenesta

Vi har fokus på at alle innbyggjarane skal få eit godt helsetilbod i kommunen. Det blir arbeid med å få ned ventetida hjå legen. Tilgjengeleight og service er og noko vi tilstrebar skal bli enda betre enn i dag. Vågå har stabil lededekning.

Kommuneoverlegen er medisinsk fagleg rådgjevar etter helse og omsorgstestelova §5-5, smittevernlege etter smittevernlova §7-2, ansvarleg lege for oversikt, rådgjeving og medverknad etter forskrift om miljøretta helsevern og helsemessige beredskap etter folkehelselova §27 og deltaking i regionalt kommuneoverelge forum.

Hendingar i 2016

Det vart kjøpt inn nytt medisinsk utstyr: Arbeids EKG, Ecco doppler. Dette gjev utvida teneste til innbyggjarane.
Ein lege er frå august 2016 ute i permisjon grunna vidareutdanning til spesialist i allmennmedisin.

Utfordringar

Det har vore dårlegare legekapasitet når 2 legar har vore ut i permisjon grunna vidareutdanning for spesialist i allmennmedisin. Vi har deler av perioden hatt inne vikar.

Helseenteret har 3,5 stilling hjelpepersonell på 4 leger og 1 turnuslege. Det har til tider vore lang ventetid på blodprøvetaking, telefon og skranke. I periodar har det vore ein lege mindre, og det har resultert i til tider lengre ventelister og dårlegare tilgjenge.

Kommunen har ansvar for tilsyn i miljøretta helsevern. Regional koordinator i samfunnsmedisin har utarbeidd ein rettleiar med vedlegg. Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet, som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innvirkning på helsa. Kommunen skal gjennomføre tilsyn med badeanlegg/badebasseng, barnehage, skule, campingplasser, solarium, frisør m.v. Kommunen skal prioritere sin tilsynsverksemd etter vurdering av helserisiko. Det var i 2016 planlagt tilsyn for barnehager, men dette vart utsett grunna for lite legeressursar.


Helsestasjonstenesta

Tenesta omfattar tenestene helsesøster, jordmor, miljøterapeut og barnefysioterapeut, og utfører lovpålagde oppgåver som førebyggjer sjukdom og fremjar god fysisk, psykisk og sosial helse.

2016 har vore eit stabilt år med same organisering og ansatte som tidlegare.

Måla for tenesta som er å utføre pålagte oppgåver i helsefremjande og forebyggjande arbeid for aldersgruppa 0-20 år er gjennomført. I tillegg blir det utført anna arbeid som er forventa i tenesta. Dette er å vera tilgjengelige for barn, ungdom og foreldre og kunne gje tilpassa råd, rettleiing og samtaler som er etterspurt. Opplev aukande pågang av brukarar som ynskjer å nyte tenesta vi har. Det blir gjeve gode attendemeldingar på individ og gruppebasert foredrerettleiing som blir tilbydd i tenesta. Dette er viktig forebyggande arbeid. Faste møtepunkt på skule og barnehage.

Det vart født 21 barn i Vågå i 2016.



Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

- Tenesta er eit lavterskelttilbod som skal vere lett tilgjengeleg for barn, ungdom, foreldre og gravide, og kunne gje tilpassa råd, vegleiing og samtaler som blir etterspurd
- Tenesta fokuserer på ressursar og mestring hjå den enkelte.
- Alle blir møtt med respekt og forståing
- Individuelle samtalar
- Vold i nære relasjoner

Hendingar i 2016

Miljøterapeut har teke utdanning i PMTO, og blitt sertifisert terapeut innanfor dette

Utfordringar

- Oppfølging av barn med psykisk sjuke foreldre
- Ettervaksinering av HPV-vaksine

Psykisk teneste

Tenestene vi utfører er samtalar på kontoret, heimebesøk, gruppertilbod og samhandling med andre instansar som til dømes DPS døgn og Psykiatrisk poliklinikk på Otta, rusinstistusjonar, fastleger, NAV, Barnevern. Vi arbeider for å oppnå heilskap og samanheng i tilboda mellom anna ved auka bruk av Individuelle planar og Ansvarsgrupper.

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

Prosedyrer for psykisk helseteneste er utarbeid regionalt. Det vart i 2016 gjennomført brukarkartlegging psykisk helse og rus med mål om betre tenester. Informasjon til flyktningane om psykisk helse og om kor og korleis dei kan søke hjelp.

Hendingar i 2016

- Implementering av plan for psykisk helse
- Ein av våre medarbeidarar ferdig med utdanning som spesialsjukepleiar i Rus og psykisk helsearbeid

Utfordringar

Krav om at meir behandling, som tidligare var oppgåver for spesialisthelsetenesta, skal foregå i kommunen. Dette stiller høgare krav til kompetanse og økt behov for opplæring, nye kartleggingsverktøy og arbeidsmetodar.

Fysioterapitenesta

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

Kommunen skal bidra til og legge til rette for at innbyggjarane skal mestre å bu heime så lenge som mogleg. Rehabilitering er sentralt i dette arbeidet. Dei som er for sjuke til å oppsøkje tenesta får tilbod om fysioterapi i heimen.

Vågå kommune har 2 fysioterapeutar med 30% kommunal stilling og 70 % privat verksemd kvar. I tillegg er det 2 fysioterapeutar ved Vågåtrimmen med 100 % driftstilskott.

100% kommunal fysioterapeut er organisatorisk lagt under helsestasjon. Med målgruppa barn og unge 0 – 20 år.

Hendingar i 2016

Fysio- og ergoterapi plan vart ferdigstilt og godkjent i 2016. Planen omfatter både kommunale og privatpraktiserande fysioterapeutar, samt ergoterapeut. Planen skal vera eit verktøy for fysio- og ergoterapitenesta i kommunen og deira samarbeidspartar. Formålet med planen er eit stabilt og forutsigbart tenestetilbod til brukarane.

10 timer per veke fysioterapi er avsett til brukarar som har plass på Vågåheimen.

Fysioterapeutane på Vågåtrimmen tek imot pasientar til undersøking, behandling og rehabilitering på henvisning frå lege. Moglegheit for medisinsk treningsterapi i sal/grupper.

Utfordringar

Det blir stilt stadig større krav til dokumentasjon, innhenting av informasjon og administrative oppgåver som går på bekostning av pasientretta arbeid. Folk kjem stadig raskare heim frå sjukehus og treng fysioterapi raskt etter heimkomst.

Ergoterapitenesta

Tenesta gjev tilbod til heimebuande eldre, helsestasjon, skulehelsetenesta, bufellesskap for personar med psykisk utviklingshemming og Vågåheimen og korttidsavdeling.

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

Ergoterapeuten arbeider med brukarar som har aktivitetsvanskar i det daglege liv. Formidling og tilpasning av hjelpemiddel og trening av daglegdagse aktivitetar.

Hendingar i 2016

Det vart utlevert 720 hjelpemidler til ein samla verdi på 1,9 mill kr.

Utfordringar

- Folk kjem heim tidlegare frå spesialisthelsetenesta
- Meir komplekse og langvarige sjukdomsbilete
- Lang behandlingstid av søknader til Nav Hjelpemiddelsentral Oppland

Heimebaserte tenester

Heimbaseret teneste besto av tenester for funksjonshemma, heimetenesta og dagtilbod.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	-7,4%
Sjukefråvær	7,0%	9,1%

Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma består av 4 einingar; 3 bustader og eit dagtilbod for personar med utviklingshemming.



Hendingar i 2016

Fylkesmannen i Oppland gjennomførte tilsyn i tenesta i april 2016. Det vart etter tilsynet avdekkja 3 avvik og detta har prega tenesta gjennom heile året. Den overordna målsettinga som har vore å lukke avvika. Med oss i denne prosessen har det vært nødvendig å leie inn ekstern kompetanse på avviksområda. Det vart i tillegg engasjert prosjektleiar i 40% stilling for å lukke avvika. Den eksterne kompetansen har også vore med å arbeidd for å sikre riktig statleg tilskott til tenesta.

Utfordringar

- Lukking av avvik etter tilsyn frå Fylkesmannen i Oppland
- Sambruk på tvers av turnusane til det beste for brukarane
- Samarbeid med verge, tillitsvalde og tilsette om å vidareutvikle tenesta

Heimetenesta

Tenesteområdet omfattar heimesjukepleie, praktisk og personlig assistanse, «husfar» for montering og utkøyring av hjelpemiddel, drift av korttidsavdeling og dagtilbod for heimebuande med demens.

Hendingar i 2016

Den nybygde korttidsavdelinga har 5 pasientrom og er lokalisert i tilknyting til heimetenesta, fysioterapeut og ergoterapeut sine lokaler. Korttidsavdelinga starta opp som ei prøveperiode juni 2015. Det har det siste året vore stort press på korttidsplassar. Det har ikkje vore fast bemanning på korttidsavdelinga i 2016 og avdelinga er difor nytta til pasientar med mindre hjelpebehov.

Brukarane har kortare liggetid på sjukehus etter samhandlingsreformen, noko som har ført til at brukargruppa i heimetenesta har endra seg. Det stiller større krav til kompetanse og auka ressursar i tenesta.

Vågå kommune innførte digitale tryggheitalsalarmer i 2016. Vi har etablert ei tverrfaglig gruppe i kommunen som arbeider med kompetanseheving innan velferdsteknologi. Vågå kommune har tatt i bruk ulik teknologi med gode erfaringar, som døralarm, GPS, og vi ønskjer nå å utvide tilboden med medisindispenser for fleire av våre brukarar.

Utfordringar

Det har vore utfordrande å drifte korttidsavdelinga på ein optimal måte, da den inngår som ein del av turnusen til heimetenesta. Det har gjort at avdelinga er ubemannna deler av dagen, men ringesystemet er tilkopla Vågåheimen som bistår ved behov. Dette har gjort at vi ikkje kan nytte korttidsavdelinga til pasientar som treng omfattande og kontinuerleg tilsyn, og heller ikkje til rehabiliteringspasientar som treng tett oppfølging. Vi nyttar i slike tilfelle Vågåheimen, NGLMS eller andre kommunar.

Vågå kommune er under omstilling der vi ynskjer å styrke førebyggjande helsetiltak, målretta satsing på kvardagsrehabilitering og i større grad ta i bruk velferdsteknologi for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg i eigen heim. Det stiller andre krav til kompetanse og annan tilnærming i møte med brukaren.

Det har vore utfordring knytt til overgangen til digitale tryggheitalsalarmer. Det har gjort at vi førebels ikkje har kunne bytt ut alle tryggheitalsalarmene.

Barnehage

Antall barn i kommunale barnehagar (haust)	2014	2015	2016
Søre Grindstugu	78	78	67
Lalm	42	40	32
Tessand	16	11	13

Det er tre kommunale barnehagar i Vågå. Lalm Barnehage som har ei avdeling for dei største barna og ei avdeling for dei minste. Tessand barnehage er ein avdelingsbarnehage. Søre Grindstugu barnehage har fire avdelingar; småbarnsavdeling, 5 års-avdeling og to avdelingar med barn frå 3-4 år.

Det er også to private barnehagar, Trudelutten barnehage som har ei avdeling for dei minste barna, og Tytingen Gards- og Naturbarnehage som er godkjent for barn i alderen 1-6 år.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	-5,3%
Sjukefråvær	5,0%	6,7%

I 2016 fatta kommunestyret vedtak om avvikling av Tessand barnehage frå hausten 2018. Rådmannen har byrja arbeidet med gjennomføring av vedtaket.

Fokusområde/hovedarbeidsoppgaver

- Våren 2016; matematikk i uteområdet
- Hausten 2016; vaksenrolle – med fokus på relasjon vaksen - barn

Dette heng tett saman med tidleg innsats

Hendingar i 2016

- Dei tilsette arbeidar godt med kvalitetsarbeid i barnehagen
- Tre av dei tilsette er med på kompetanseheving innan «språk og språkstimulering» som er i regi av Høgskulen i Innlandet / Hamar
- Deltek i eit prosjekt frå UDIR på; inkluderande skule- og barnehagemiljø
- Deltek på Fylkesmannen si satsing på; Barn sin medverknad

Utfordringar

- Låge fødselstal med tilhøyrande overdekning av barnehageplassar i kommunen
- Rammeplan og forslag til endring i Barnehageloven vart sendt ut på høyring. Desse kan mellom anna påverke pedagognormen. Både Rammeplan (forskrift til loven) og endringane i Barnehageloven skal etter plan innførast frå 1.august 2017

Skule

Det er tre skular for grunnskuleelevar i Vågå kommune. Lalm og Vågåmo skule med elevar frå 1. til 7. steg, samt Vågå ungdomsskule med elevar frå 8. til 10. steg.

Grunnskulen i Vågå	2014	2015	2016
Talet på elevar	414	412	419
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	27	26	28
Talet på lærarar	54	55	56

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	-1,4%
Sjukefråvær	5,0%	5,0%

1 – 10-skule og kombinasjonsbibliotek

Med bakgrunn i vedtak i økonomiplanen for 2016/19, oppretta kommunalsjefen i september, ei arbeidsgruppe som skulle sjå på moglegheitene for felles leiing ved dei tre skulestadene Vågåmo skule, Lalm skule og Vågå ungdomsskule. Ein skulle og sjå på moglegheitene for å samlokalisere kontorfunksjonane ved dei tre skulane og Søre Grindstugu barnehage, og ein skulle sjå på moglegheitene for å etablere eit kombinasjonsbibliotek i Vågåmo. Gruppa hadde 5 møte og overleverte rapporten for forprosjektet til administrasjonen i starten av desember.

Lalm skule

Nøkkeltal elevundersøking	Resultat
Elevundersøking - psykososialt miljø	4,8/5
Elevundersøking - støtte frå heimen	4,5/5

Fokusområde/hovedarbeidsoppgaver

- Eit trygt skulemiljø
- Trykk på basisfaga
- Auka foreldreengasjement

Hendingar i 2016

Forbetring i resultat på nasjonale prøvar på 5 steg. Stor reduksjon av elevar på meistringsnivå 1 (som er det lågaste av dei tre nivåa nasjonale prøvar vert presentert på). Det har og vore bygd ny hovudtrapp med overbygg ved skulen.

Utfordringar

- Imøtekome nye kompetansekrav.
- Sikre at alle får tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplærings-tilbodet

Vågåmo skule

Nøkkeltal elevundersøking	Resultat
Elevundersøking - psykososialt miljø	4,8/5
Elevundersøking - støtte frå lærar	4,7/5
Elevundersøking - læringskultur	4,5/5

Fokusområde/hovedarbeidsoppgaver

- Læringsmiljø. Det blir arbeidd meir systematisk og strukturert. Felles skolering i personale
- Læringsutbytte
- Tidleg innsats (både fagleg og psykososialt), spesielt i småskulen

Hendingar i 2016

- Stor reduksjon av elevar på meistringsnivå 1 på nasjonale prøver 5. steg
- Digitale tavler i alle klasserom og dei fleste grupperom.
- TL-programmet - elevar blir valde av medelvar til å vera trivselsleiarar og dei har mellom anna ansvar for å arrangere leikar og aktivitetar til alle i friminutta. Ein lærar på skulen har ansvar for programmet

Utfordringar

- Imøtekome nye kompetansekrav
- Sikre at alle får tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplærings-tilbodet
- Kompetanse og ressursar i samband med nyankomne minoritetsspråklege elevar. Krevjande med elevar som skal ha skulestart midt i eit skuleår

Området omfattar tenestene tekniske tenester, landbrukskontor, skattekontor og NAV

Område	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Økonomi - som vedteke i skjema 1B	33.777.000	33.779.429	0,01%

Tekniske tenester

Sektor for tekniske tenester yter service til heile kommunen i form av varer og tenester. Drift og vedlikehald av vegar, bygg og kommunale grøntområde er viktig for å kunne yte gode tenester og for at det skal bli triveleg for innbyggjarane og dei tilsette i kommunen. Sektoren skal legge til rette for at folk flest får utført bygg- og anleggsarbeid i samsvar med lover og forskrifter.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	1%
Sjukefråvær	4,0%	1,8%

Utfordringar

- Sikre såpass god grunnbemanning at elevar i «gråsone» for spesialundervisning får ei tilfredsstillande og likeverdig opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- Mange elevar med behov for ulike typar tilrettelegging i skulekvarden
- Skulevegring
- Sikre nok spesialpedagogisk kompetanse i personalet. Behov for vernepleiar i skulen.



OMRÅDE: KOMMUNALSJEF II

Plan og miljø

Hovudarbeidsoppgåver innan planområdet har vore kommuneplanprosessen, oppfølging av reguleringsplanprosessar og behandling av dispensasjons-saker. Innan miljøområdet har det m.a. vore oppgåver knytt til forvaltning av vilt, fisk og vassdrag, samt forvaltning av verne-område og behandling av motorferdselsaker og inngrepssaker.

Hendingar i 2016

- Utarbeiding av kommunal planstrategi 2016 – 2020.
- Arbeid med kommuneplanens arealdel og samfunnsdel .
- Godkjenning av reguleringsplan for Rv15 Nødre Snerle – Storsvingen og reguleringsendring av Stutarhaugen hytteområde, samt behandling av planar i prosess.
- Registrering av bygningar i Nordherad i samband med kulturminneplanarbeid.
- 11 dispensasjonssøknader frå plan, derav 10 innvilga, 1 vedtak påkla og sendt fylkesmannen for behandling.
- Ny behandling av fleirårige leigekjøreløyve.

Utfordringar 2016

Arbeid med revisjon av overordna plan er store og langvarige prosessar som er ressurskrevjande for kommunen. Høge krav til planmaterialet, - både til utgreiingsplikt og dokumentasjon samt teknisk framstilling - , og kompleksiteten i planforslaget, har gjort det utfordrande å halde oppsett framdrift.

Byggjesak

Den 01.07.2015 vart fleire mindre byggetiltak friteke for søknadsplikt. Dette har tydeleg bidrige til mindre byggjesaker i 2016.

I 2016 vart det behandla totalt 185 saker innanfor området. Fordeling av ulike saker går fram av tabellen nedanfor:

År	2016	2015	2014	2013	2012
Byggesaker	109	127	130	126	141
Frådelingssaker	13	18	11	18	19
Utsleppsaker	11	8	7	6	9
Andre saker	52	14	16	39	5
Totalt	185	167	164	189	174

Hovudmålet for tenesta er å leggje til rette for at bygg og anlegg blir utført i samsvar med lover, forskrifter og planar. Kommunen skal yte god service og drive effektiv saksbehandling med god kvalitet.


Hendingar i 2016

Det har i 2016 vore utført matrikkellovtillsyn av Statens kartverk for føring av bygningsinformasjon i matrikkelen. Det vart ikkje avdekt vesentlege manglar eller feil ved føringa. Saksbehandlingstida for bygesaker held seg godt innanfor dei lovfesta tidsfristane.

- Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 12 vekers frist: 17 kalenderdagar
- Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 3 vekers frist: 11 kalenderdagar

Veger og gater

Vågå kommune har ca. 85 km kommunal veg. Vedlikehaldet av dei kommunale vegane er sett bort gjennom anbodskonkurranse og står ved lag fram til 2019 med opsjon til å forlenge avtala fram til 2020. Teknisk sektor har utan om dette oppfølging av bruer, diverse trafikktryggleikstiltak, drift av bomvegar, gateljos osv.



Hendingar i 2016

- Kveomsvegen vart ferdigstilt frå året før.
- Kvennbergsvegen på Lalm industriområde vart bredda og gjort klar for asfalt. Asfalteringa vart stoppa grunna dårleg tilstand på overvassleidningane under vegbana.
- Søre og Nordre Langskåret fekk fjerna asfalten grunna dårleg vegbane og får midlertidig grusveg fram til nytt vatn og avlaupsnett kjem i 2017.
- Det er utarbeidd ny hovudplan for det kommunale vegnettet, med tilstandsrapport, objektregristrering, investeringsbehov/metodar, tiltaksrekkefølje og anbefalt budsjett.
- Det er utarbeidd tilstandsrapport og anbefalte tiltak for Klebervegen. Det er vedteke investering her i 2017.

Utfordringar

Dei kommunale vegane er ikkje bygd for endringane i klima og nedbørsmengder som har kome dei siste åra.

Vi har hatt milde vintrar med lite nedbør som har resultert i kjøvingar og tette stikkrenner, dei auka nedbørsmengdene om sumaren er større enn kapasiteten til vegnettets dreneringar, og overbygninga på vegane har ikkje nok masse for å få til god nok avrenningskurvatur. Når ikkje eksisterande vegnett er dimensjonert for dagens situasjon gjer dette at det blir utfordrande å følje opp det kommunale vegnettet på den standard som er ønskjeleg og tilstanden vert dårlegare for kvart år som går.

Brannvesen

Hovudmålet med tenesta er at Vågå kommune har eit brannvesen som er organisert, utrusta og bemanna, slik at oppgåver pålagt i lov og forskrifter blir utført på ein effektiv og sikker måte, sett i høve til kartlagt risiko og sårbarheitsanalyse.

Talet på brann og redningsoppdrag fordeler seg slik i 2016		Antall
Brann i bygning		2
Trafikkulykke		5
Brann i gras/kratt		3
Skogbrann		4
Pipebrann		4
Ambulanseoppdrag		2
Falske eller unødige alarmer		15
Tekniske alarmer i offentlege bygg		12
Anna assistanse		12
Totalt		59

Det er utført feing av 982 piper og tilsyn med 370 fyringsanlegg. I tillegg er det er utført 35 branntillsyn med særskilde brannobjekt.

Feing og tilsyn er ei lovbestemt oppgåve. Den faste årlege feie og tilsynsavgifta skal finansiere sjølvkostordninga med tilsyn av fyringsanlegg og behovsprøvd feing i kommunen. Informasjonsarbeid om brannførebyggjande tiltak mot kommunale verksemder og risikoutsette grupper, samt ulike nasjonale informasjonskampanjar har vore prioritert område for brann siste året

Hendingar i 2016

- To store skog- og lyngbrannar på vårparten
- Vågå kommune var så heldige at dei vart tildelt ein ny moderne brannbil gjennom «Det store brannløftet»

Utfordringar

- Tankbilen bærer preg av att den byrjar å bli gamal og slitt, og er moden for utskifting

Vatn, avløp, renovasjon og septik

VARS området har ansvar for levering av rent og trygt drikkevatn og handsaming av avløpsvatn, renovasjonsordninga/miljøstasjon og septik ordninga. NGR driftar renovasjonsordninga og miljøstasjon og Miljøservice har avtale om tömming av septik.

Hendingar i 2016

- ROS analyse arbeid sett i gang
- Mattilsynet har gjennomført tilsyn med vår beredskap og måten vi driv på. Dette resulterte i 1 avvik som nå er lukka
- 3 leidningsbrot på hovudnettet
- Behandling av slam skjer ikkje lenger ved Vågåmo reinseanlegg, men blir senda til godkjend mottak på Myrmoen i Sel

Utfordringar

- Oppstart av eit større forskingsprosjekt for å sjå på årsak og moglege løysningar knytt til problem rundt dårleg smak og lukt på drikkevatn i Lemonsjøområdet
- Oppstart ny hovudplan for VA
- Rehabilitering av VA-leidningar og vegar i Nordre og Søre Langskåre
- Tilstand og kontroll av avløpsanlegg i kommunen, 850 anlegg
- Tilpassingar til ny drikkevassforskrift
- Utskiftingar/opp graderingar av VA og over vass systemet på Kolbotn industrifelt
- Utskiftingsprogram for vassmålarar

Kart og oppmåling

Hovudoppgåva for kart og oppmålingstjenesta omhandlar sakar etter matrikkellova. Kommunen fungerer som lokal matrikkelmyndigkeit og har ansvar for til ei kvar tid, å halde matrikkelen så oppdatert og riktig som mogleg. Hovudtyngda av arbeidet ligg på frådeling av ejetomtar eller festetomtar for bustad og fritidsformål. Samtidig er det ein del arbeid med retting og klarlegging av gamle grensar, og matrikkelføring av sakar frå jordskifteretten og Statens vegvesen.

Hendingar i 2016

- SIM-prosjekt (Statskog i matrikkelen) som i hovudsak går ut på å registrere og klarleggje eksisterande festerettigheter med tilhøyrande grensar i matrikkelen
- Avdelinga har i 2016 hatt matrikkellovtillsyn frå Statens kartverk. Det blei ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar

Utfordringar

- Halde matrikkelen ajourført til ei kvar tid

Kommunale eigedomar

Vågå kommune sin eigedomsavdeling har ansvar for:

- FDVUS - Forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service av kommunens eigedomar
- Reinhold av alle kommunale formålsbygg
- Prosjektutvikling og byggherrefunksjonen for kommunen
- Eigedomsutvikling inkl. kjøp og sal av kommunal eigedom
- Disponibelt areal vel 33.500 kvm
- Investeringsprosjekt i ulike fasar
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens park-/grøntanlegg på om lag 50 dekar
- Kjøp og sal av kommunale tenestebilar, samt kontroll og vedlikehald av desse
- Kommunale innkjøp, med representant i fagrådet for kommunalt innkjøp i 6K

I tillegg til Vågå kommune sine eigedomar, har eigedomsavdelinga administrativt ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Kolbotvegen sameige på Lalm. Kolbotvegen sameige er på totalt 8 bueiningar, der kommunens del er på 5 trygdebustader. Kommunen har ikkje lukkast i å selje 1 av desse bustadene som planlagt, men vil på nytt legge den ut for sal, vurdert etter marknad/etterspurnad. Den samla eigedomsmassen er på vel 33.500 kvm. Areala fordeler seg på følgjande byggkategoriar:

Type bygg	Antall m ²	
Skular	6.800	
Barnehagar	1.554	
Helse og omsorgsbygg (inkl omsorgsbustader)	8.943	Vågåh., helsecent. og 25 omsorgsb.
Administrasjonsbygg	3.000	
Idrettsbygg	2.400	
Kulturbygg	3.865	
Utleigebustader	2.240	30 einingar
Trygdebustader	2.555	35 einingar
Andre bygg	2.230	
Totalt	33.587	

Vaktmeisterteamet og sysselsettingsgruppa yter også hjelpe til kyrkja, flyktningtenesta og til ulike kulturaktivitetar. Hjelpe til kyrkja dreiar seg mest om graving av graver, stell av grøntareal m.m. Dette arbeidet er på om lag 1.000 arbeidstimar pr. år.

Hendingar i 2016

- Moajordet: utvikling av Moajordet til park- og rekreasjonsområde
- Prosjektleiing: utreiling/prosjektering av ombygging av Vågåheimen, samt strukturendring av helseteneste (institusjon, heimebaserte tenetar og PU)
- Bårstadhallen: prosjektering, kontrahering og byggeleiing. Byggearbeida starta i oktober 2016
- Div. mindre prosjekt:
 - Andre etappe av opp gradering av leikeplassen, samt bygging av vognskjul i Søre-Grindstugu barnehage
 - Andre etappe av tilrettelegging av lærararbeidsplassar og utsiktning av Ijos på Vågå ungdomsskule
 - Tilstandsvurdering av svømmehallen med tilhøyrande garderobebeanlegg
 - Montering av naudstraumagggregat på kommunehuset – plassert der tidligare oljefyr stod i teknisk rom i kjellar. Dette skal kunne levera straum til gangareal, data serverrom og møteromma i 3. etasjen.
 - Bygging av ny hovudtrapp med overbygg ved skule på Lalm
 - Tilrettelegging for bygging av ny klatrevegg i Vågåhallen. Sjølve bygginga vart utført av Jotunheimen Fjellsportklubb
 - Bygging av nyt vaserom og rein sone på Brannstasjonen. Rommet vart delt frå og bygd inne i garasjeanlegget, med tilknyting av garderobebeanlegget
 - Utgreiling og prosjektering av nye kontorlokal i Ullinsvin, tilrettelagt for kulturbasert næring.
 - Utvendig beising og maling av Vågåheimen

Utfordringar

Den største utfordringa framover, vil være å takle det stadig vaksande behovet for utsiktning og modernisering av tekniske anlegg som; elektrisk, varme, ventilasjon, vatn og sanitær, samt utsiktning og modernisering av bygningsdelar som; dører, vindauge, golv vegger, tak og andre overflater, med omsyn til lovendringar og nye miljø- og energikrav. Når bygningsmassen blir eldre med åra, og nye lovkrav skapar behov for endringar og anna/betre tilrettelegging, så vil behovet for det økonomiske handlingsrommet bli større.

Ein ser eit stadig aukande behov for tilrettelagte bustadar for vanskelegstilte i bustadmarknaden, og at fordelinga mellom dei ulike brukarbehova har endra seg. Behovet for sentrumsnære bustadar i nær tilknyting til ulike helsetilbod og andre offentlege tenestetilbod er vaksande, både blant yngre og eldre.

Det vil være viktig å få på plass ein heilskapleg bustadpolitisk handlingplan, slik at vi kan planlegge og løysa denne oppgåva på ein god måte. Arbeidet med bustadpolitisk handlingsplan er i gang satt, og vil være forventa ferdig i løpet av 2017.

NAV

NAV tenesta arbeidar for økt kontakt og bistand til arbeidsgivere skal føre til bedre markedskompetanse, i tillegg til å bidra til økt rekruttering og bedre inkludering i arbeidslivet. Tidleg og individuelt tilpassa oppfølging skal avklare bruker sin situasjon og behov for bistand for å komme i eller behalde arbeid og sikre bedre brukermøter. Kravene til aktivitet og mobilitet skal håndheves konsekvent.

Bruk av arbeidsrettede tiltak og hjelpemidler skal gi best mulig effekt for inkludering og overgang til arbeid. Det ordinære arbeidslivet skal i større grad tas i bruk som tiltaksarena. Resultata har vist at vi er godt i gang i forholdet til arbeidet mot desse måla. Utbetalingane på sosialhjelp har vore stabil også for 2016, og vi ligg under sammenlikna med fleire andre kommuner i regionen. Vi har og møtt aktivitetskravet som nå er lovfesta. Den kommunale sysselsettingsgruppa har vore viktig for at vi har lykkes i dette.

Nøkkeltal	Mål	2016
Økonomi - avvik ift budsjett (minus=mindreforbruk)	0%	3%
Sjukefråvær		

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

- Fleire i arbeid
- Betre brukarmøter
- Auka kompetanse

Hendingar i 2016

NAV Vågå har hatt egentilsyn frå Fylkesmannen i forhold til § 17 i Lov om sosialetenester i

NAV. Vi fekk her eit avvik som nå er lukka.

NAV deltek i prosjektgruppa «Flyktning som ressurs».

Utfordringar

NAV Vågå ser at det kan vera utfordrande i forhold til aktivitetsplikten som snart gjeld på alle type ytelser. I tillegg er det fleire aktører i markedet som vi kjøper tenester av, som og har det same kravet til aktivitet. I tillegg skal alle deltakere i introduksjonsprogrammet ut i praksis.

Vågå kommune har sysselsettingsgruppa som tek mange av deltakarane, men å arbeidsrette og samkjøre dei ulike tenestene er utfordrande.

NAV Vågå ser og at det er utfordrande i forhold til å skulle utvikle tenestene våre, samtidig som ein både skal halde drifta i gang og delta på fleire prosjekt, at vi er så små og sårbarer miljø. Ein må derfor sjå på kva moglegheiter ein har for å møte desse utfordringane.

Interkommunale samarbeid der Vågå er vertskommune

Tilsynsteneste byggjesak

Kommunane Sel, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk samarbeider om tilsynsteneste i byggjesak, gjennom vertskommuneavtale gjeldande frå og med 2014, der Vågå er vertskommune og dei fire andre kommunane er samarbeidskommunar.

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

Vågå kommune som vertskommune har ansvaret for førebuingar, innkalling og leiing av tilsynet (ved tilsynsleiar), samt utarbeiding av rapport etter kvart tilsyn. Overordna mål for tilsynstenesta er i første rekke å sjå til at byggetiltak i kommunane blir gjennomført i samsvar med Plan –og bygningslova (Pbl) og gjevne løyve.

Hendingar i 2016

Det har vore gjennomført 35 tilsyn i dei 5 kommunane til saman. 7 av desse tilsyna er utført i Vågå kommune.

Utfallet av tilsyna i Vågå er klassifisert i høve til tabellen under:

Nivå	Konklusjon	Tillitsforhold	Rapportering
1	Ingen/ubetydeleg svikt i kontroll er registrert	Tilliten til føretaket er fullt ut bekrefta	Ingen
2	Det er registrert svikt i kontrollen, men ikkje vurdert som vesentleg	Føretaket har fortsatt myndigheitenes tillit	Åtvaring/merknad(er) registrert. Kopi til DIBK
3	Det er registrert vesentleg svikt i kontrollen	Tilliten til føretaket er svekka	Varsel om eventuelle sanksjoner. Kopi til DIBK

- 5 av føretaka har fått nivå 1
- 2 av tilsyna er ikkje nivåsett. I samband med eitt av desse tilsyna valde føretaket å trekkje ansvarsretten sin
- Det er gjeve merknader/avvik i totalt 3 av tilsyna


Landbrukskontoret for Sel og Vågå

Landbrukskontoret i Vågå er eit felles kontor for Sel og Vågå. Kontoret har 5,7 årsverk fordelt på seks tilsette (0,6 årsverk er skogbrukssjef i Lom og Skjåk). I tillegg har vi ein person på arbeidstrenings. Det er felles skogbrukssjef for Vågå (40%), Lom (30%) og Skjåk (30%). Vågå kommune seljer landbrukskontorenester til Lom kommune tilsvarande 30 % stilling. Landbruksjefen har funksjon som beredskapskoordinator. Ein tilsett arbeidar inntil 20 % stilting inn mot Nordheradsprosjektet.

Nettokostnadane for felles landbrukskontor for Sel og Vågå blir delt, 50/50.

Kontoret har også ansvaret for to landbruksvikarar og klinisk veterinærkvert i Sel og Vågå.

Nøkkeltal for landbruket	2005	2016
Jordbruksareal, daa	36.252	39.989
Mjølkekyr	1.748	1.492
Føretak med mjølkeproduksjon	106	55
Vinterfora sau	4.513	5.855
Føretak med sauehald	82	77
Tap av sau på beite, %	3,1	2,7
Korn, daa	882	326
Potet, daa	535	851
Tal på søknader om produksjonstilskott	220	180
Utbetalt produksjonstilskott, kr	33.583.935	47.545.607



Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

Landbrukskontorets primæroppgåver er rådgjeving, forvaltning av offentlege og kommunale tilskotsordningar retta mot landbruket og saksbehandling etter landbrukslovene (odelslov, konsesjonslov, jordlov, skogbrukslov) med tilhøyrande forskrifter.


Hendingar i 2016

Sel og Vågå kommunar v/Landbrukskontoret fikk i juni 2016 innvilga kr. 360 000,- i tilskott frå Fjellandbruksatsinga (75 % av kostnadane). Hovudmålsettinga i satsinga, som har fått namnet «Fjellandbruk er framtid – matproduksjon på norske fornybare ressursar i Sel og Vågå», er i hovudsak samanfallande med hovudmålsettinga i landbruksplanen. Det er å auke matproduksjonen i Sel og Vågå med 1 % i året, i hovudsak på grasressursar. Meir bruk av inn- og utmark er sentralt i satsinga. Satsinga blir vidareført i 2017 og inn i 2018, med eit tilskott frå BU-midlane på kr. 300 000,- (62,5 % av kostnadane).

Utfordringar

Tapsprosenten av sau på inn- og utmarksbeite varierer frå eit år til eit anna år. Det er spesielt jerv som er den store skadegjeraren. I 2016 vart det sleppt 15 700 sau og lam på beite i Vågå. Det vart tapt 422 dyr, ein tapsprosent på 2,7, noko som er det lågaste på fleire år. 7 gardbrukarar fekk utbetalt 86 000 kr i erstatning for rovvillett for 41 dyr.


Rovvilstkadeerstatning i kr.



Kommunalt Landbruksfond

Det blir innvilga støtte til ulike tiltak i landbruket: bl.a. ungskogpleie, skogsvegar, nydyrkning, grøfting, vassanlegg, 30 % støtte, men maksimalt kr. 30 000,-. Landbruksfondet er på kr. 250 000. Søknadsmengden er stor, noko som betyr at det ved utgangen av 2016 var eit etterslep på fondet på kr. 397 000

Landbruksfond



Ottadalen Skatteoppkrevjarkontor og arbeidsgjevarkontroll for Nord-Gudbrandsdal

Skatteoppkrevjaren er tenesteleiar for skatteområdet og arbeidsgjevarkontrollen, der Vågå er vertskommune. Ottadalen skatteoppkrevjarkontor vart etablert 01.09.2012, og frå 01.04.2014 vart arbeidsgjevarkontrollen overført frå Lom kommune. Skatteoppkrevjaren består av kommunane Sel, Vågå, Lom og Skjåk, mens i arbeidsgjevarkontrollen er og Lesja og Dovre med.

Fokusområde/hovedarbeidsoppgåver

Fokuset ligg alltid på å nå dei krava som er sett til kontoret frå Skatt Øst. Ein har i 2016 hatt eit spesielt fokus på nå krav om 5% kontroll av arbeidsgjevarar i kommunen, noko som ein oppnådde ved å bruke noko meir ressursar på kontroll hausthalvåret.

Interkommunale samarbeid der Vågå er medlemskommune

Regiondata

Felles IT plattform for alle kommunane i 6K. Vågå kommune sin andel av driftsutgiftene var kr 1.965.000,-

Av større hendingar i 2016 kan følgjande nemnast:

- Det er innført nytt Turnussystem som har namnet MinVakt og er ei skyløysing.
- Arbeidet med felles digitalseringsstrategi vart sett i gang hausten 2016. Denne har som overordna mål at kommunane skal vera fulldigitaliserte innan 2020.

Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal

Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal er eit regionalt samarbeidsorgan mellom kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk.

Regionrådet er eit politisk organ som skal fremje regionen sine interesser gjennom å:

- Legge til rette for næringsutvikling. Det skal leggjast særleg vekt på arbeidet for å gjera regionen attraktiv for nyetableringar, og å vidareutvikle eksisterande næringsliv.
- Drive politisk interessearbeid for i stort mogleg grad å påverka fylkeskommunale og statlige myndigheter i distriktpolitiske spørsmål.
- Arbeide for interkommunale samarbeidstiltak til beste for regionens innbyggjarar.
- Arbeide for å profilere regionen som ein god tilflyttarregion

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2016 ein halv million kroner.

Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon

Omfattar kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk . Revisjonen skal på vegne av kommunestyra og kontrollutvala sørge for løpende kontroll med forvaltninga i kommunane. Utanom kommunerekneskap har NGK ansvaret for å revidere pasientrekneskap, kyrkjeleg fellesråd/sokneråd, fjellstyre, kommunalt e-verk, samt forskjellige stiftingar, legat og andre selskap; herunder aksjeselskap som kommunane eig eller er medeigarar i.

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2016 i underkant av kr 700.000,-

Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal

Ein person er ansett som sekretariatsleiar for kontrollutvala i Nordals-kommunane, med kontorplass i Lom.

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2016 kr 150.000,-

PP-tenesta i Nord-Gudbrandsdal

PPT NG er ei felles regional tenesta for dei 6 Norddalskommunane. PPT NG skal bistå dei 6 kommunane i arbeidet med å leggje til rette opplæringa for elevar med særskilte behov. PPT arbeider med systemutvikling og kompetanseheving i skulane, og med utgreiing av og rettleiing rundt enkeltelevar. Hensikta er å bidra til forsvarleg opplæring av elevar med særskilte behov.

Sel kommune er vertskommune for tenesta, og hovedkontoret ligg på Otta. Det er besøksadresser i alle kommunar. Dei tilsette har kontor fleire stader i regionen, og arbeider ut mot alle barnehagar og skular i heile regionen.

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2016 kr 1.700.000,-

Sel og Vågå barnevernteneste

Sel og Vågå kommuner har hatt interkommunal barnevertnjeneste siden mars 2006. Tjenesten har hovedkontor på Sel Rådhus og har faste kontordager på helsestasjonen i Vågå.

Antall nye meldinger:

Barnevernet i Sel og Vågå hadde en liten nedgang i antall meldinger sammenlignet med 2015, men likevel høyt sett i et lengre perspektiv. Antall meldinger til barnevernet er noe høyere enn de registrerte 116, da reglene fra departementet er slik at det kun er den første meldingen som registreres som melding, dersom det kommer flere i løpet av en undersøkelse. Sakene er stadig mer sammensatte og tidkrevende. En bekymringsmelding til barnevernet skal gjennomgås umiddelbart og konkluderes senest innen en uke. Alle meldingen som barnevernet i Sel og Vågå mottok i 2016 behandlet innen fristen.

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Vågå	38	39	39	32	34	28	40
Sel	78	85	79	71	63	70	56
Totalt	116	124	119	103	97	98	96

Vågå kommune sin andel utgjorde i 2016 kr 5.300.000,-
Viser vidare til «Årsmelding interkommunal barnevertnjeneste 2016»

Helsesamarbeid

Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter (NGLMS) tilbyr kommunale og interkommunale tenester, regionale oppgåver og prosjekt i tillegg til spesialisthelsetenester for de 6 kommunane i Nord-Gudbrandsdal.


Vågå kommune sin andel utgjorde i 2016: felles legevaktordning kr 1.000.000,- felles legevaktvarsling kr 920.000,- felles jordmorvakt kr 90.000,- samfunnsmedisin/spesialistar kr 360.000,- øyeblikkeleg hjelp/intermediære sengeplassar kr 2.850.000,- kreftkoordinator kr 30.000 og ruskoordinator kr 20.000,-

Gjeldsrådgjevar

Regional gjeldsrådgjevar NAV. Vågå kommune sin andel utgjorde kr 130.000,-

Oppsummering av rekneskapsresultat

Driftsrekneskapen for 2016 er avgjort med eit mindreforbruk på 8 mill. kroner. Av dette er kring 2,5 mill. kroner knytt til pensjonsområde, 2,5 mill. kroner er knytt til meirinntekter på skatt og sal av konsesjonskraft og resterande skuldast meirinntekter på toppfinansiering av ressurskrevjande brukarar. Investeringsrekneskapen er avslutta med eit mindreforbruk på 0,8 mill. kroner. Dette har samanheng med nedlegging av AS Vågå Næringssselskap, og ekstraordinære avdrag på utlån betalt inn i samband med dette.




Handlingsreglar

Handlingsreglane til Vågå kommune vart revidert saman med vedtak om økonomiplan 2017-2020 (KS 83/16). Vågå kommune har nå følgjande reglar:

Korrigert netto driftsresultat

Handlingsregel 1: Korrigert netto driftsresultat (netto driftsresultat korrigert for premieavvik og bundne fond) skal årleg utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter


	2016	2015
Netto driftsresultat	-14 212 149	-23 334 523
Premieavvik	2 982 030	-1 056 381
Attendeført premieavvik	-2 619 541	-2 770 452
Avsetning til bundne fond	8 189 320	20 473 308
Bruk av bundne fond	-4 212 119	-3 743 287
Korrigert netto driftsresultat	-9 872 459	-10 431 335
Brutto driftsinntekter	-340 268 826	-337 806 345
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinn- tekter	4,2%	6,9%
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinn-tekter	2,9%	3,1%



Dispositionsfond

Handlingsregel 2: Dispositionsfond skal utgjere minimum 12% av brutto driftsinntekter

	2016	2015
Dispositionsfond	-27 501 935	-21 378 241
Brutto driftsinntekter	-340 268 826	-337 806 345
Dispositionsfond i % av brutto driftsinntekter	8,1%	6,3%




Det er tilrådd frå fylkesmannen at dispositionsfond bør utgjere 8 % av sum driftsinntekter for å ha tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar. Da kommunen nærma seg dette målet, vart det i økonomiplan for 2017-2020 vedteke å auke handlingsregelen til 12%.

Lånegjeld

Handlingsregel 3: Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81% av brutto driftsinntekter

	2016	2015
Langsiktig gjeld	342 453 943	344 600 070
Utlån	58 927 313	64 439 864
Ubrukte lån	7 248 790	5 688 182
Netto lånegjeld	276 277 840	274 472 024
Lån til sjølvkost	63 806 418	64 926 402
	212 471 422	209 545 622
Brutto driftsinntekter	340 268 826	337 806 345
Lånegjeld med fråtrekk i % av brutto driftsinntekter	62,4%	62,0%



Økonomiske hovudtal

Vågå kommune fører rekneskapen etter anordningsprinsippet som gjeld i kommunal sektor. Det betyr at all tilgang og bruk av middel i løpet av året i kommunen si verksemd skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og rekneskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån osb. og dessutan korleis desse er finansiert.



Økonomisk oversikt – drift

	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr. budsj.	Rekn. i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	11 919 210,76	11 898 000	12 398 000	12 791 247,05
Andre salgs- og leieinntekter	39 159 867,29	35 377 000	35 077 000	37 458 767,11
Overføringer med krav til motytelse	43 982 878,96	26 675 000	17 054 000	49 902 060,49
Rammetilskudd	140 433 651,00	140 022 000	140 022 000	137 649 599,00
Andre statlige overføringer	13 365 821,50	13 182 000	13 182 000	13 331 987,00
Andre overføringer	603 599,00	477 000	449 000	1 190 718,00
Skatt på inntekt og formue	72 057 541,61	69 384 000	72 340 000	66 423 091,43
Eiendomsskatt	15 001 476,13	15 100 000	15 100 000	14 973 786,64
Andre direkte og indirekte skatter	3 744 780,00	3 745 000	700 000	4 085 088,00
Sum driftsinntekter	340 268 826,25	315 860 000	306 322 000	337 806 344,72
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	179 808 218,25	173 143 000	173 118 000	174 449 810,90
Sosiale utgifter	35 107 718,14	40 154 000	36 387 000	34 033 805,51
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	45 831 192,22	41 322 000	36 529 000	44 313 060,24
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	37 195 730,02	34 013 000	32 192 000	34 651 488,66
Overføringer	19 937 087,60	14 249 000	11 687 000	19 012 637,08
Avskrivninger	20 084 795,83	18 589 000	18 589 000	19 671 882,00
Fordelte utgifter	-3 922 389,89	-3 857 000	-495 000	-3 843 208,72
Sum driftsutgifter	334 042 352,17	317 613 000	308 007 000	322 289 475,67
Brutto driftsresultat	6 226 474,08	-1 753 000	-1 685 000	15 516 869,05
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	9 830 629,93	10 828 000	10 803 000	10 332 770,94
Gevinst på finan. instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	59 345,00	-	-	151 933,00
Sum eksterne finansinntekter	9 889 974,93	10 828 000	10 803 000	10 484 703,94
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	6 704 779,49	7 610 000	7 610 000	7 279 259,64
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	15 238 394,00	15 080 000	15 080 000	14 931 287,00
Utlån	45 922,51	-	-	128 385,61
Sum eksterne finansutgifter	21 989 096,00	22 690 000	22 690 000	22 338 932,25
Resultat eksterne finantransaksjoner	-12 099 121,07	-11 862 000	-11 887 000	-11 854 228,31
Motpost avskrivninger	20 084 795,83	18 588 000	18 588 000	19 671 882,00
Netto driftsresultat	14 212 148,84	4 973 000	5 016 000	23 334 522,74
Interne finantransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	6 146 918,96	6 147 000	-	4 111 783,04
Bruk av disposisjonsfond	1 265 225,00	1 266 000	-	960 000,00
Bruk av bundne fond	4 212 118,95	5 054 000	2 601 000	3 743 287,26
Sum bruk av avsetninger	11 624 262,91	12 467 000	2 601 000	8 815 070,30
Overført til investeringsregnskapet	970 000,00	970 000	770 000	946 583,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	8 642 918,96	8 643 000	5 092 000	4 582 783,04
Avsatt til bundne fond	8 189 320,41	7 827 000	1 755 000	20 473 308,04
Sum avsetninger	17 802 239,37	17 440 000	7 617 000	26 002 674,08
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	8 034 172,38	-	-	6 146 918,96

I rekneskapsoppstillinga for kommunesektoren blir det nytta fleire resultatomgrep. Brutto driftsresultat gjev uttrykk for resultatet av den ordinære drifta inklusive kapitalkostnader (avskrivningar), men eksklusive finansutgifter og finansinntekter. Avskrivningar, som er eit uttrykk for verdireduksjon på kommunale anleggsmidlar, skal førast i driftsrekneskapen, men blir teken ut før netto driftsresultat blir fastsett. Brutto driftsresultat skal som hovudregel minst kunne finansiere utgifter til renter og avdrag.

Netto driftsresultat viser resultat etter finanspostar. Netto driftsresultat seier oss kva kommunen har igjen etter at alle driftsutgiftene er betalte.


Vågå kommune sin rekneskap for 2016 viser eit positivt netto driftsresultat på kr 14,2 mill. kroner. Korrigert for bundne fond og premieavvik utgjer netto driftsresultat 2,9% av brutto driftsinntekter, som er godt over vedteke handlingsregel på 1,75%.

Årsrekneskapen for 2016 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 8.034.172.

Samla driftsinntekter (rammetilskot, skatt, brukarbetalingar, refusjonar osb.) var på kr 340,3 mill. i 2016. Dette er ei auke på kr 2,5 mill. frå 2015. Netto rammetilskot utgjer kr 140,4 mill. etter inntektsutjamninga, ein auke på kr 2,8 mill. frå 2015. Skatteinngangen var kr 75 mill., kroner inkl. naturressursskatt (som utgjer kr 2,9 mill.), dvs. ein auke med kr 5,3 mill. frå 2015. Egedomsskatten er på same nivå som i 2015, om lag kr 14,9 mill. Brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter og overføringer med krav til motyting utgjer kr 95,1 mill. Dette er ein reduksjon på kr 5 mill i forhold til 2015. Reduksjonen skuldast mellom anna tilskot til breidbandsutbyggjing i 2015, som gjorde overføringane høgare enn vanleg. Totale driftsutgifter (Løn, kjøp av varer og tenester, tilskot, overføringer og avskrivningar) utgjer kr 334 mill., ei auke på kr 12 mill. frå 2015.

Kjøp av varer og tenester som inngår i og som erstattar tenesteproduksjonen er auka med kr 4,1 mill. til kr 83 mill. Løn og sosiale utgifter auka med kr 6,4 mill. til totalt kr 214,9 mill. Total lønsvekst i Vågå kommune utgjer 3,1 % frå 2015 til 2016.

Løn- og sosiale utgifter er den største utgiftsposten i kommunerekneskapen og utgjer netto (fråtrekt refusjon sjukeløn/fødselpengar) kr 207,1 mill. eller 62 % av dei totale driftsutgiftepane. Inntekter av skatt og rammetilskot er dei største inntektspostane, og grafane viser utviklinga i desse utgifts-/inntektstypane.



Til og med år 2010 låg lønsutgiftene på eit høgare nivå enn inntektene av skatt og rammetilskot. Dette biletet vart snudd frå 2011. I 2016 er inntektene av skatt og rammetilskot kr 8,4 mill. høgare enn netto lønsutgifter. Hovudårsaka til endringa er at stadig fleire øyremerkte statstilskot blir innlemma i rammetilskotet. (td. barnehagetilskot og samhandlingsreform).

Finansinntektene

Finansinntektene består av renteinntekter, utbytte og mottekne avdrag på utlån. Desse innntektene utgjer ca. kr 9,9 mill. i 2016. Finansinntektene er redusert med kr 0,6 mill. fra 2015 til 2016 og skuldast lågare rentenivå.

Finansutgiftene består av renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter – i tillegg kjem avdragsutgifter på kommunen sine lån. Finansutgiftene utgjer kr 22 mill. i 2016. Dette er 0,3 lågare enn i 2015.


Rekneskapsskjema 1B - Fordeling av netto driftsutgifter

Totalt 216,7 mill. kroner fordelt på vedtekte rameområde:

Rådmann	69 232 213	Kommunalsjef 1	113 677 391	Kommunalsjef 2	33 779 429
Fellestenester	8 121 332	Bamehage	14 067 845	Landbrukskontor	2 096 182
Kultur	4 886 726	Heimebaserte tenester	41 160 774	NAV	4 040 922
Næring	1 033 094	Helsetenester	19 173 872	Skattekontor	597 890
Sektoradministrasjon	18 625 771	Lalm skule	5 614 641	Tekniske tenester	27 044 435
Tildelingskontor	4 445 840	Vågåmo skule	18 098 026		
Vågåheimen	32 119 452	Vågå Ungdomsskule	15 562 233		

Fra og med 1. januar 2016 er ny organisering teke omsyn til i rekneskapen. Tidlegare organisering hadde fem sektorområde, fellestenester, oppvekst og kultur, helse og omsorg, landbruk og tekniske tenester. Ny organisering har tre rameområder, eit område for kvar kommunalsjef/rådmann, som vist over.

Samla på tenesteområde ser fordelinga slik ut:



Avviksanalyse

	Rekneskap 2015	Buds. (endr) 2015	Avvik i kr
Rådmann	69 232 213	69 201 000	
Fellestenester	8 121 332	7 880 000	241 332
Kultur	4 886 726	6 777 000	-1 890 274
Næring	1 033 094	1 322 000	-288 906
Sektoradministrasjon	18 625 771	18 162 000	463 771
Tildelingskontor	4 445 840	2 832 000	1 613 840
Vågåheimen	32 119 452	32 228 000	-108 548
Kommunalsjef I	113 677 391	118 808 000	
Barnehage	14 067 845	14 852 000	-784 155
Heimebaserte tenester	41 160 774	44 464 000	-3 303 226
Helsetenester	19 173 872	19 669 000	-495 128
Lalm skule	5 614 641	5 723 000	-108 359
Vågåmo skule	18 098 026	18 208 000	-109 974
Vågå ungdomsskule	15 562 233	15 892 000	-329 767
Kommunalsjef II	33 779 429	33 777 000	
Landbrukskontor	2 096 182	2 177 000	-80 818
NAV	4 040 922	3 921 000	119 922
Skattekontor	597 890	907 000	-309 110
Tekniske tenester	27 044 435	26 772 000	272 435
Sum rekneskapsskjema 1B	216 689 034	221 786 000	-5 096 966
Frie inntekter	-233 567 682	-230 062 000	-3 505 682
Finans	8 844 476	8 276 000	568 476
Interne transaksjoner	8 034 172	-	8 034 172
Sum	-216 689 034	-221 786 000	5 096 966
Totalt	-	-	-

(minus=mindreforbruk)

Kommentar til avvika

Generelt for alle sektorane i 2016 er at pensjonsutgelta til slutt vart lågare (grunna stor attendeføring frå premiefond) enn budsjettet i opprinnelig budsjett, og såleis er med å føre til betre resultat over heile organisasjonen. Premieavvik er i 2016 bokført i sin helhet under sektoradministrasjon.

